

Radøy sau og geit,

Radøyvegen 984,

5938 Sæbøvågen.

993 47 989

Dato 02. august 2021.

Alver kommune,

Landbruk,

Postboks 4,

5906 Frekhaug.

Rydding av «skog» og kontrollert brenning av kratt og gammalt gras og lyng for å unngå katastrofale brannar.

Med brannen på Sotra friskt i minne tenkjer me med gru på at slikt kan skje i våre nærområder kva tid som helst.

Endå verre gjekk det på Flatanger i Trøndelag for få år sidan der endå fleire bustadhus og andre bygg vart tekne av flammane.

Det vert mykje fokusert på alle former for forbod mot bråtebrann og elles forbod mot å bruka alle former for eld i terrenget. Dermed har det offentlege gjort sitt og me som bur her går og passar på kvarandre slik at me held oss til desse påboda. Ingen tør å svi vissent gras på beite for å halda dette i orden med godt beitegras slik det vart gjort for nokre år sidan.

I alle fall vågar me ikkje å brenna gammalt lyng for å ta attende areal som tidlegare vart brukt til beite. Her òg gror det over med busker og kratt som dekke over «udetonerte bomber» av carbondioksid CO₂.

Men me treng ikkje tenna opp sjølv for at det skal starta ein brann. Ei blank høgspent – eller lågspentinje kan sjølv skapa brann. Små eller større lynnedslag eller overspenningar i tordenvær og koblingsituasjonar. Auka bruk av elektriske batteri som energikjelde for elektriske apparat på same vis.

Alt dette og mykje meir er automatiske brannstiftarar i naturen vår. Det siste vil berre auka uansett og det vil ta mange generasjonar før me ser at luftleidningsnettet vert erstatta med kabel i jord eller at det vert verna nok mot slike overspenningar på nettet vårt.

Det me kàn og bør gjera noko med sjølv er å få bukt med det som brannane kan spreia seg fritt i. Store områder veks til med kratt etter attgroing som fylge av manglande hausting på tidlegare dyrka mark. Manglande beiting på tidlegare kulturbeteiter og beiting i utmarka. I tørre periodar som me av og til har, og nødvendigvis må ha, er det berre flaks som gjer at me ikkje opplever det same som på Sotra og endå verre situasjonar hjå oss. Slike områder ligg spreidd rundt om på heile Radøy. Ofte langt frå sentra der brannstasjonane er lokalisert. Brannvernet har ingen sjans til å sløkkja før bustader og andre bygningar går tapt i brannane. Dette er i tillegg ofte kombinert med ei klyngje tuntre av sitkagran på opptil 10 – 15 meter

høgde tett inn til både eigen og naboen sine tun. Planta i si tid av forståelege grunnar for å gje livd for sterk vind.

Men dette er på ingen måte ein kamp mot sitkagran i skogbestand.

Dei store verdiane me har i den drivverdige skogen vår, må me òg tenkja på i samband med brann.

Dette er minst like alvorleg som rasfarlege områder å byggja hus på. Men her er det oftast bustadane som har kome først og skogen og attgroinga i ettertid.

På Radøy bør me starta arbeidet med å gjera noko med dette før det tek fyr og brannen er eit faktum. Medlemane i sauelaget og andre lag knytta til landbruket kjenner til dei aktuelle områda over alt. I samarbeid med brannvernet bør det utførast kontrollerte brannar der det let seg gjera. Sitkagran og bartre elles der den står inntil bygningar forsterkar brannen og må fjernast.

Kan det vera ein tanke å læra eigarane opp til å brenna beitemarka på ein trygg måte ? Gjerne i eit samarbeid mellom naboar. Her kan kanskje Lyngheisenteret hjelpe med kunnskap.

Beiting med sau og storfe må intensiverast. Manglande gjerdehald og auka press frå m.a. jakt - og hjorteinteresser gjer at fleire og fleire sender større og større delar av saueflokkene i fjellet på sommarbeite.

Heldigvis er det ein del av saueeigarane som endå har sauene på sommarbeite heime. Her er også nokre som ryddar skog og kratt for å laga nye beiter i utmarka. Dessutan er det store behov for både vår – og haustbeiter.

Men skal me rydda og brenna kontrollert for å unngå brannspreiing, må me hindra ny attgroing. Det må difor leggjast til rette for at det er mogeleg å utnytta beiteressursane lokalt. Klarar ein ikkje å få dei gjerdepliktige til å skjøtta denne plikta, må det offentlege ta grep slik at aktive eigarar kan nytta sin eigedom slik den er tenkt frå starten av. Men «passive» eigarane må i auka grad gjerast merksam på at det føl plikter og ikkje berre rettar med å vera eigar. Tilskot til gjerdehald og rydding må aukast.

Eigarar av offentlege vegar bør påleggjast gjerdeplikt langs vegane der det er naturleg at det kan beitast. Det same gjeld ved løyve til private vegar. Utbyggjarar av byggefelt må påleggjast gjerdeplikt kring feltet.

Kommunen bør vera ein aktiv pådrivar for at jordbruksareala vert tekne i bruk.

Mykje positivt i dag :

Dei store fellesfjøsa haustar store areal. Fleire stader ser me areal som har lagt brakk ei tid vert hausta.

Nokre ungdomar har nyleg teke over frå førre generasjonar både med mjølk og sau. Dei er ikkje mange, men dei er viktige. Desse tenkjer å utvida produksjonen. Men dei er avhengige av areal både til vinterfôr og beite, Til dette treng dei tilleggsjord. Men framfor alt er dei avhengige av å kunna nytta eige areal. Her kjem gjerdehaldet inn.

Fleire andre sauebruk er òg klare til å auka opp og treng areal til vinterfør og beiting.

Dette er positivt og denne positive situasjonen må me utnytta no !

Kan kommunen ta initiativ til å få setja dette viktige arbeidet i gang i eit samarbeid mellom slike som :

- Brannvern
- Kunnskap frå lyngheisenteret
- Sauelaget
- Bondelaget
- Bonde og småbrukarlaget
- Skogeigarlaget

Hovedmålet frå vår side med dette innspelet er difor :

- Hindra brannar
- Auka areal til hausting og beiting
- Rydda det som hindrar utsikt, hindra attgroing og dermed auka trivselen for alle.

Dessutan meiner me at auka bruk av brenning på beite kan

- Gjera ugraskampen meir effektiv og dermed redusera bruken av plantevernmidlar.

Å hindra at det oppstår brannar har me liten kontroll på. Det me i eit samarbeid kan gjera noko med, er å redusera faren for - og omfanget av at brannar spreier seg.

Med venleg helsing

Radøy Sau og Geit

For styret :

Kåre Hole (s)

Kristen Risnes (s)

Leiar / 993 47 989

Styremedlem/skrivar